I forlængelse af præsentationen af den nye danske portal for autoriserede stednavne, [www.stednavne.info](http://www.stednavne.info), på seminaret den 28. oktober, præsenterede Annette Torensjö den kommende udgave af Lantmäteriets *Ortnamn och Kartsök*, og Johnny Andersen viste flere af Statens kartverks nye stednavneapplikationer. Der er i det hele taget en rivende udvikling i gang med hensyn til fremsøgning og visning af geografiske navne på internettet i Norden og til dels i Europa. En stor del af æren for dette må arbejdet med implementeringen af INSPIRE-direktivet og EuroGeoNames tjenesterne. Teemu Leskinen gav en grundig gennemgang af INSPIRE-direktivet, dets forudsætninger, implementering samt konsekvenser for udformningen af kommende webtjenester for geografiske navne. Et af de virkelig store muligheder i dette arbejde er at det i løbet af få år vil være muligt at udvikle fællesnordiske stednavneapplikationer til visning af eksempelvis minoriteters geografiske navne.

Norden Division har de sidste to år haft sin egen hjemmeside: <http://nordendivision.nfi.ku.dk>. Informationsniveauet er højt, men der er enkelte informationbrister endnu, og en del af mødet blev anvendt til at diskutere hvilke dele der skulle opdateres og hvilke dele der mangler information. Siden mødet er en del af bristerne allerede blevet udbedret, mens andet færdiggøres snart.

Peder Gammeltoft  
 gammelt@hum.ku.dk

## ANNA MELDINGSSTOFF

### **JA, VI ELSKER!**

De entusiastiske onomastene i Bergen går nye veier, og i år, som i fjor, går vi den veien Hovedprosesjonen tar oss. Vi håper på å samle onomastikkstudenter, forelesere og andre interesserte til å gå sammen med oss.

For oss startet det hele våren 2010 da Ole-Jørgen Johannessen, førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen, foreleste i emnet om stedsnavn. Vi var ni som studerte dette emnet, vi ble raskt kjent med hverandre og

med vår foreleser Johannessen. Han er en slik person som virkelig bryr seg om studentene. Han tar seg tid til å bli kjent med oss og viser interesse for den akademiske utdannelsen vår og for sosiallivet vårt.

Vi som studenter utviklet et sterkt samhold. Vi fokuserte både på det faglige og på det sosiale. Noen ganger kombinerte vi dette ved å diskutere ulike pensumartikler over en pils, og dette konseptet fikk navnet *Stadnamnpils*.

Entusiastiske navneforskere som vi var (og er), bestemte vi oss for å gå i 17. mai-toget, også kalt Hovedprosesjonen, under vår egen fane. Vi mente at det var viktig å representere navnefaget på nasjonaldagen, da navn er en del av vår nasjonale kulturarv og identitet. Dette ble en stor suksess.

I år har vi utvidet planene for onomastenes 17. mai-feiring. Navneforsker Ivar Utne, amanuensis ved Universitetet i Bergen, har invitert oss hjem til seg for en sosial sammenkomst. Deretter skal vi gå samlet til Torgallmenningen der Hovedprosesjonen skal starte.

Vi ser frem til en uforglemmelig 17. mai-feiring!



17. mai-fana til onomastene i Bergen.

Thea Cecilie Lerfeld  
thea.lerfeld@student.uib.no

## FELLES STADNAMNREGISTER OGB I-XX

For å få fullt utbyte av *Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län* (OGB) I-XX trengst det eit felles namneregister, og det har vore eit stort sakn at det ikkje finst. I redigeringa av prosjektet *Bustadnamn i Østfold* av Kåre Hoel har me særleg kjent saknet. Det vert for tidkrevjande å slå opp i regisra til tjue bøker for å finne ut om eit namn er omtala. Derfor var det svært gledeleg då dei tilsette ved Namnegranskning, Universitetet i Oslo, fekk tilbod om sekretærhjelp våren 2010 og raskt bestemte at denne

hjelpa skulle nyttast til å digitalisere namneregistra i OGB-serien. Sekretær Elisabeth Holm har skrive inn alle namneregistra (personnamn, tilnamn og stadnamn) i dei til no utkomne OGB-banda i Word-filer. Band som ikkje er komme ut, er OGB XIV1 og OGB XIII.

Stadnamnregistra er sjølv sagt dei mest omfattande, og me har no ført alle desse over frå Word-filer til ei felles alfabetisert Access-fil. OGBs felles stadnamnregister er såleis klar til bruk i 2011. Dei nordiske namnegranskarmiljøa som ynskjer det, kan få ein gratis kopi av oss, men med eitt viktig etterhald: Det er ikkje lese fullstendig korrektur på fellesregisteret med sine nær 100.000 oppslag. Når de oppdagar feil – for det gjer de sikkert –, har de plikt på dykk til å rapportere dette til ein av dei underskrivne, som så tek ansvar for redigering og retting. På den måten vonar me på eit nærfritt OGB-fellesregister – ein gong i framtida.

Opplysningar om feil skal meldast til:

Tom Schmidt  
tom.schmidt@iln.uio.no  
Margit Harsson  
margit.harsson@iln.uio.no

## AKTUELLE NAMNEPROSJEKT

### **STADNAMNPROSJEKTET I FYRESDAL**

Fyresdal kommune hadde eit prosjekt med innsamling av lokale stadnamn for nokre år sidan. Det var nokså breitt lagt opp med mellom anna intervju av dei eldre i grendene og aktivisering av grendelag. Resultatet av arbeidet var mange lister med namn og kartblad frå Økonomisk kartverk (ØK) påteikna namn på ulike objekt som badeplassar, bakkar, beite, øyar, bekker/elvar, dalar, gardar, husmannsplassar, stølar, myrar, nutar, tjørn, åkrar osb. I tillegg vart det laga ei Excel-fil med namn og koordinatar i NGO-koordinatar. Denne fila var på om lag 7000 namn. Eg trur dette var om lag i 2005 då arbeidet nok vart avslutta då nokon som arbeidde med prosjektet, slutta i kommunen. Det eg no har fått hjelp av kartkontoret i Skien til, er å konvertere denne Excel-fila til Euref89-koordinatar og Sosi-format slik at ho kan leggjast inn i kartinnsynsverktøyet til kommunen. Eg ser då at mange namn er samanfallande med namna i ØK, men det er ein god del fleire namn som òg er med. Det er bra at arbeidet ikkje har vore til fånyttes, og at kunnskapen om dei gamle namna då ikkje er gått tapt, slik det nok fort kan gjere når dei gamle ikkje lenger er med oss. Eg trur det ikkje er så vanleg med munnleg

overlevering av desse namna lenger no då det er så mange andre aktivitetar som tek tida, det vert ikkje så mykje farting i heiane til fots og gjetting av buskap og med det vel ikkje så mykje bruk av dei gamle namna.

Einar Mikkelsen  
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no


## **STADNAMNINNSAMLING I BRÅTVEIT I SULDAL KOMMUNE**

Bråtveit-grenda ligg nordaust i Suldal kommune, på austsida av Suldalsvatnet mot det store heiaområdet Dyraheio. Grenda grensar mot to andre smågrender i Suldal, Roalkvam i nord og Kvildal i sør. Bråtveit-grenda har vore busett i mange hundreår. Gardane ligg heller brattlendt til i bakkane opp frå Suldalsvatnet. For å skaffa seg levebrød nytta ein aktivt både innmarka, utmarka og heiaområda. Av den grunn er det i Bråtveit-grenda, til liks med mange andre grender, svært mange stadnamn.

Ved mange høve har det vore snakka om å samla inn og kartsetja stadnamna. Men, diverre vart det med snakket. Heilt til for tre år sidan. Då tok to karar som er oppvaksne i grenda, Nils Ivar Aarhus og Torbjørn Guggedal initiativ til eit innsamlingsarbeid som omfattar heile Bråtveit-grenda, frå grensa mot Roalkvam i nord til grensa mot Kvildal i sør. Grunneigarane vart samla, og det vart lagt ein plan for arbeidet. Planen var å skaffa grunneigarane kart som dei kunne setja namna inn på. Sidan skulle Nils Ivar leggje namna inn i ein database slik at dei vart tekne vare på for alltid.



Hilde Bergjord og Nils Ivar Aarhus overfører stadnamn frå papir til digitalt format.



Utsnitt av kart 7 Stålavika (Økonomisk kartverk) med innlagde stadnamn.

Me fekk god hjelp til å førebu kartarbeidet av skogbrukssjef i Suldal kommune, Bjarte Skipevåg. Han skaffa oss gode kart i stor storleik. I tillegg skaffa han oss ein mal for lister som grunneigarane skulle fylla ut. Her går det fram kven som er informant, kven som er oppskrivar, og kva gard namnet kjem frå. Stadnamnet skal skrivast i lokal dialektuttale. Det er også ein rubrikk for opplysningar om namnet på staden, lokalitetstype, bruk av stad og namn, utsjånad, eigenskap, segner, hendingar og opphav. Dette er interessante opplysninga å få med i same innsamlingsarbeidet.

Grunneigarane er krumtappane i innsamlingsarbeidet. Med utdelte kart og skjema som hjelphemiddel er det samla inn hundrevis av namn.

Dei fleste namna er sette direkte inn på kartet med eit tal som så er overført til skjemaet. Nokon stadnamn er avmerkte med GPS-posisjon.

I arbeidet med å leggja stadnamna inn i databasen har me hatt god hjelp av kartkonsulent Hilde Bergjord i Suldal kommune. Nils Ivar har fått tilgang til kommunalt kontor i kontorfellesskap med bygdeutviklingsavdelinga i kommunen. Her har han hatt tilgang til PC, telefon og det han treng av hjelpemiddel. Hilde Bergjord har lagt til rette med kartbase og gitt uvurderleg hjelp i kartarbeidet. I dette prosjektet nyttar me Gis/Line si programvare.

Me er nå i avslutninga av første runde med innsamling og innlegging av stadnamna. Framleis manglar det namn frå nokre gardar, men me reknar med at desse kjem om ikkje så lenge. Kontakten med grunneigarane er god. Me kjem nå til å skriva ut nye kart med innlagde stadnamn. Grunneigarane skal få desse til gjennomsyn og korrigering. For me erfarrer at det er utfordringar i arbeidet. Først skal grunneigaren merkja av rett på kartet, så skal me plassera same punktet rett på det digitale kartet. Når områda er store, er det lett at namnet kan få litt feil plassering. Før endeleg trykk skal resten av stadnamna samlast inn, plottast på kartet og kvalitetsikrast. I tillegg vurderer me å gi ut eit hefte med andre opplysningar om stadnamna som me har fått tilgang til i samband med innsamlingsarbeidet.

Av andre erfaringar kan nemnast at det i nokre område var lurt å setja inn nokre GPS-avmerkte stadnamn på kartet før grunneigaren merkte av resten. Det gjorde det lettare å finna rett posisjon for resten av stadnamna. I tillegg var det ein stor fordel å få vatn og vassdrag merkte av med farge på karta. Dei er gode utgangspunkt for plassering av andre stadnamn.

Sluttresultatet av innsamlingsarbeidet skal presenterast i eit hefte i A3-storleik. Trykket vert i farge med ulik målestokk på dei ymse karta tilpassa dei ulike områda. Så langt i prosjektet har me ikkje endeleg bestemt korleis resultatet til slutt skal presenterast på internett. Delar av områda er svært store, så det byr på utfordringar å finne rett målestokk å presentera dei i.

Suldal kommune har tidlegare støtta same type innsamlingsarbeid i andre delar av kommunen, Hylsstronda og Vinjarnuten på Suldalsosen. Dei støttar også dette prosjektet med gratis tilgang til kontor med datautstyr og god fagleg hjelp i tillegg til at Nils Ivar får dekt utgifter til køyring mellom heimen sin i Bråtvæit og kontoret i kommunenesenteret Sand. Resten av arbeidet i prosjektet utfører me på dugnad.

Torbjørn Guggedal  
torbjorn.guggedal@suldal.kommune.no

## BOKOMTALAR

### **OGB XIV – NATURNAMN**

*Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län.* Bd. XIV. *Ortnamnen i Sotenäs härad.* Red. av Birgit Falck-Kjällquist. Del 2. *Naturnamn.* Utg. av Institutet för språk och folkminnen, Dialekt-, ortnamns- och folkminnesarkivet i Göteborg. 2009. 191 sider + eit laust kartblad over Sotenäs härad.

*Ortnamnen i Sotenäs härad* er band nr. 14 i bokserien *Ortnamnen i Göteborgs och Bohus län* (OGB). Serien har som mål å gi ut alle bustadnamn (utanom moderne villanamn) og naturnamn heradsvis i dette lenet. Første bandet kom i 1923, og så langt eg har funne ut, er det no berre bustadnamna i Sotenäs härad og bustadnamn og naturnamn i Stångenäs härad som står att, dvs. band 14,1 og band 13.

Det er all grunn til å gle seg over at denne bokserien no snart er fullførd. Båhuslen var ein del av Noreg fram til 1658 og har såleis mykje felles namnehistorie med Noreg og særleg med tilgrensande Østfold. For norske namnegranskurar er OGB derfor ei gullgruve, særleg for oss som arbeider med å gi ut Kåre Hoels bokserie *Bustadnamn i Østfold* (BØ). Kåre Hoel har då også nytta OGB flittig i sine namnetolkingar, og derfor er det med litt undring at ingen av Kåre Hoels trykte arbeid er med i litteraturlista i OGB 14. Eg skal ikkje her gå i detalj, men same undring hadde eg då OGB 15, *Ortnamnen i Tunge härad*, kom ut i 2001. Eg meiner at fleire av Hoels namnetolkingar er interessante og kastar lys også over svenske stadnamn.

Naturnamna i Sotenäs härad er ordna i ti avdelingar etter denotasjon, dvs. etter kva namnet var namn på ved innsamlingstidspunktet. Det er sjølv sagt ikkje problemfritt å gjennomføre ein slik synsvinkel konsekvent, men det er i samsvar med alle tidlegare band i serien.

Avdelingane er (med norske termar): 1. innsjønamn, 2. vassdragsnamn, 3. øynamn, 4. vegnamn, 5. høgdenamn, 6. myrnamn, 7. dalnamn, 8. åkernamn, 9. skogsnamn, og 10. andre namn.

Kvar avdeling byrjar med ein gjennomgang av frekvente etterledd «senare led» i gjeldande avdelings namn. Avdeling 1, innsjønamn, byrjar t.d. med å kommentere ord som *sjö*, *vatten*, *floge*, *myr*, *dape* osb. Men for ein leser er det eit problem at orda ikkje er ordna alfabetisk. Eit anna problem som også lett oppstår, er når same ord førekjem i fleire avdelingar. Ordet *myr* f. førekjem t.d. i både avd. 1, innsjønamn, og i avd. 6, myrnamn, for *Moltemyr* er namn både på eit skogstjern og ei myr (s. 14, 124). Ved etterleddet *myr* i avd. 1 (s. 14) står det «varom se denna avdelnings inledning». Derfor finn eg tilbake til s. 2 der ordet *myr* f. blir omtala, men med tilvising til «se vidare avd. 6». Avd. 6 gjeld myrnamn,

og om etterleddet *-myr* under namnet *Moltemyr* (s. 126) står det «varom se denna avdelnings inledning», som då blir s. 124. Vidare er det ein del myrar som er oppdyrka til åker og dermed har gått over frå å vera myrnamn til åkernamn. Derfor blir det i avd. 8, åkernamn (s. 138), under *myr* f. opplyst «varom se avd. 6». Det som på desse tre stadene (s. 2, 124 og 138) til saman står om ordet *myr* f. er interessant, men det er ikkje lett å finne fram til for ein lesar. No er det rett nok eit ordregister bak i boka (s. 187–191), men registeret ser ikkje ut til å innehalde dei mest vanlege namneledda, i alle høve finn eg ikkje ordet *myr* f. der.

Som nemnt byrjar kvar avdeling med ein gjennomgang av frekvente etterledd. Avdeling 9, skognamn (s. 167–170), byrjar t.d. med å omtala orda *skog* m., *lund* m., *hult/holt* n., *kärr* n., *park* m. og *stycke* n., og så fylgjer skognamna alfabetisk. Men fordi dei fleste skognamna har eitt av dei nemnde orda som etterledd, blir det gjentatt mest ved kvart skognamn: «varom se denna avdelnings inledning». På s. 169 er dette eller liknande uttrykk gjentatt heile sytten gonger, og då melder spørsmålet seg om det ikkje er tid for ei modernisering. I både *Svenskt ortnamnslexikon* og *Norsk stadnamnleksikon* er «problemet» løyst ved ei lita tilvisingspil. Det er mykje meir lesarvenleg og sparar mykje plass.

Eitt namn skal eg tillate meg å kommentere til slutt. På s. 169, i avd. 9, «Skogar, lundar, bevuxna områden; enstaka träd», finst *Jistigen* (uttala med tonem 2) som namn på ein «björkdunge på ett bergmassiv». Forleddet er «dunkel», etterleddet er *stig* m., er kommentaren i OGB. Dyrenemnet *geit* har uttalen *jidd* (s. 143) i Båhuslen, og i iddemålet i Østfold er uttalen notert *jitt* (BØ VIII, s. 54). At namnet *Jistigen* opphavleg er \**Geitstigen*, meiner eg er svært sannsynleg. Samansetjinga *geitstig/geitestig* er ikkje uvanleg i Noreg, i stadnamn også brukt om ein smal, bratt og därleg veg (*Norsk Ordbok* III, s. 1550). Eit artig namn til samanlikning er dei tre norske gardsnamna *Gisti* i Gjerdrum, Våler og Hole, alle noterte med uttalen [²jissti] i *Norske Gaardnavne* (II, s. 301; III, s. 300; V, s. 4). Namnet *Gisti* i Gjerdrum er i 1349 skrive «i Gæitæstigh», jf. *Diplomatarium Norvegicum* III, s. 224.

Det ligg mykje og grundig arbeid bak OGB-serien, og dette bandet er ikkje noko unntak. Sjølv om eg har nokre innvendingar mot redigeringa, er konklusjonen at boka oppfyller alle namnafaglege krav, og saman med dei andre OGB-bøkene vil ho i framtida utgjere ein «grunnstamme» også for norske namnforskurar.

Margit Harsson  
margit.harsson@iln.uio.no

## FØRENAMN I STATISTISK SAMANHENG

Jørgen Ouren: *Den store norske navneboka*. Skrevet i samarbeid med Geir Tunby. 2. utg. Kagge forlag, Oslo 2009. 272 sider.

Gjennom åra har det kome ei rad oppslagsbøker om førenamn. Dei har vore av noko skiftande kvalitet, men utgjevinga av *Norsk personnamnleksikon* i 1982 la grunnen for ei sikrare namnafagleg handsaming av dei einskilde namna. Med den nye utgåva av personnamnleksikonet i 1995 vart det faglege grunnlaget ytterlegare styrkt. Dei aller fleste bøkene om norske personnamn har seinare bygd på eller drege nytte av dette verket. Det gjeld òg *Den store namneboka*. Hovudmannen bak boka, Jørgen Ouren, er tilsett i Statistisk sentralbyrå (SSB) og har mellom anna vedlikehaldet av namnregisteret og namnestatistikkane i byrået som arbeidsoppgåve. Det er han som står bak listene over dei mest populære namna som vert offentleggjorde i januar kvart år. Såleis er han godt kvalifisert til å arbeida med namn i større og mindre flokkar, og dette har han utnytta til fulle. Med heile den digre namnedatabasen i SSB kombinert med avansert sorteringsverktøy har han kunna kombinera og gruppera namn frå nær sagt alle mogelege synsvinklar. Dette er ein kompetanse som det namnafaglege miljøet har kunna dra nytte av i mange høve.

*Den store namneboka* inneheld vel tre tusen førenamn. Hovuddelen av boka (s. 61–266) er ei alfabetisk oppstilling av gutenamna og jentenamna i to skilte bolkar. For lesarane er det venteleg ei praktisk ordning, men reint språkleg er dei to gruppene så nærskyld at dei godt kan alfabetiserast saman. Forklaringane, som i stor grad byggjer på *Norsk personnamnleksikon*, er kortfatta, etter mitt syn for kortfatta, som når *Målfrid* vert forklart med: «Nordisk. Sammensatt av ‘malm’ og ‘vakker’». Namnet er ikkje «sammensatt» av dei to orda, men av to ord som kan tydast slik. Det er altså det semantiske innhaldet i eit ord som vert framstilt som samansetningsledd. Rettare vil det vera å seia noko slikt som at *Målfrid* er «sammensatt av et ord med betydningen ‘malm’ og et ord med betydningen ‘vakker’». Aller best er det å opplysa kva ord som ligg til grunn, anten i norrøn form der slike former finst, som *malmr* + *friðr*, eller av namneledda slik dei er i dag, altså *malm* + *frid*. Bra er det likevel at *Målfrid* ikkje vert forklart som «den malmfagre» – den semantiske relasjonen mellom fyrsteledd og andreledd er jo høgst usikker. Ved *Norunn* er ei mellomløysing vald: «Sammensatt av Nord og ‘elske’». Om det er Ouren sjølv, medarbeidaren Geir Tunby eller forlaget som har insistert på denne redigeringsmåten, torer eg ikkje seia noko om.

Før sjølve namneleksikonet har boka ei rekkje mindre kapittel som presenterer namna under ulike synsvinklar som «Navn går i bølger», «Grunnfjellet», «Fortell hvem du er...», «Hva inspirerer deg?», «Feno-

menet Emma», «Ut i verden», «Kjært barn har mange navn», «Tvekjønnede navn» og «Se til Sverige». Det siste er eit ymt om at Sverige er ein namneleverandør til Noreg, noko som til dømes gjeld *Malin*. Elles viser det seg at eit aukande tal utanlandske namn har fått innpass i Noreg. Eit namn som *Emma* fekk etter forfattaren eit kraftig, men kortvarig oppsving etter at den amerikanske serien *Friends* gjekk på norsk fjernsyn. Påverknaden utanfrå har òg ført til at namn med dei særnorske bokstavane *æ*, *ø*, *å* er i tilbakegang. Det er ei vanleg oppfatning at namn går i bylgjer, men forfattaren strekar med rette under at bylgjene ikkje er konstante. Han viser òg at trass i at namnetoppane skifter frå tid til anna, finst det eit grunnfjell av namn med lang og fast tradisjon som lever vidare i beste velgåande. Elles er «Bibelen som kilde» overskrift for eit kapittel. Til slutt i denne delen kjem eit avsnitt om sjeldne namn. Klemt inne mellom desse typologisk baserte gruppene kjem det statistikkar over gute- og jentenamn etter tiårsperiodar og toppnamn i ulike landsdelar. Desse kunne med fordel vore plasserte til slutt i den innleiande delen av boka, før leksikonet. Heilt til slutt i boka er personnamnlova teken med, noko som mange lesarar vil setja pris på.

Boka er illustrert med ei lang rekke frekvenstabellar, både i den allmenne delen og i leksikondelen. I leksikondelen finn ein òg oversyn over kor mange personar med eit visst namn som levde då boka vart gjeven ut (2009), kor mange som fekk namnet før 1910, og kor mange som har fått namnet i perioden 2004–2006. Dette gjev ein peikepinn på kva periode namnet var omtykt, eventuelt upopulært. At 402 fekk namnet *Klaus* før 1910, og berre 9 i 2004–2006, seier litt om alderen på dei som har dette namnet.

Når ein ser bort frå dei meir prinsipielle innvendingane eg har kome med ovanfor, er dette ei tiltalande førenamnbok som ikkje minst gjenom dei ulike tabellariske oversyna gjev mange aha-opplevingar for lesaren. Dessutan er teksten krydra med skjemtsame formuleringar, som at *Noah* dukka opp på eit gunstig stadium i namnesyklusen, for då kunne «kjendiser puste liv i gloen som sender navnet til himmels» (s. 33).

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NORRØN NAMNEBOK

Birger Sivertsen: *Norrøn navnebok*. Andresen og Butenschøn, Oslo 2009. 233 sider.

Den snøgt arbeidande Birger Sivertsen har gjeve ut ei ny namnebok, denne gongen med tittelen *Norrøn navnebok*. Her har han samla namn som han meiner var i bruk i norrøn tid. I føreordet nemner han at føremålet med å gje ut ei slik samling av personnamn er å minna om at dei gamle norske namna er eit godt alternativ til utanlandske namn som meir og meir vinn innpass hjå nordmenn. Ein kan gjerne slutta seg til ei slik vurdering. Men det spørst om ikkje mange lesarar ville ha nytte av ein litt meir utførleg omtale av kva norrønt er, og kva perioden inneber. I det korte føreordet vert oppkallingsskikken nemnd, men variasjonsprinsippet som òg var utbreidd i den eldste tida, dvs. at eit namneledd kunne variera med andre ledd, til dømes *Pórr* i *Póralfr* og *Pórbjorg*, er ikkje utgreidd. I det heile med ein så pretensiøs tittel som er vald, skulle ein venta ein meir utførleg presentasjon av det norrøne grunnlaget. Eit verk som absolutt burde vore nemnt i innleiinga, er Assar Janzéns *Personnamn*, band 7 i serien Nordisk kultur.

Boka har rundt 2300 oppslag, men mange av dei er ulike former av same namnet. Oppslagsforma er skriven i moderne form, til dømes *Agmund*, så kjem formuleringa «Nordisk navn», deretter «fra det norrøne navnet *Agmundr*». Vidare vert dei einskilde ledda forklarte kvar for seg, stort sett i samsvar med forklaringane i *Norsk personnamnleksikon*. For *Agmundr* sin del ser den norrøne forma korrekt ut, men det viser seg snart at det eit slags kvasi-norrønt som vert presentert. Vel er det slik at folk flest ikkje er særleg inne i norrønt, men det er uheldig at bokstavane *ð* (stungen d), *þ* (thorn) og *ø* (o med kvist) ikkje er med – dei to fyrste er i alle fall velkjende frå engelsk lydskrift og frå nyislandske ortografi. Såleis finn ein «*Gudridr*» for *Guðríðr*, «*Bergtórr*» for *Bergþórr* og «*Bjorg*» for *Bjørg*. Derimot er *Álrekr* med gammal lengdemarkering av a-en med. Forfattaren kunne gjerne ha presisert at mange nye namn ikkje er norrøne, men laga etter norrønt mønster, som til dømes *Norodd*. Det skal likevel seiast at ynsket om å fremja den nordiske namneskatten er fortenestefullt.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NORDISKE FØRENAMN FOR AMERIKANARAR

Nancy L. Coleman og Olav Veka: *A Handbook of Scandinavian Names*. The University of Wisconsin Press, Madison 2010. 220 sider.

Dette er fyrste gong det er utgjevi ei bok om skandinaviske namn for eit amerikansk publikum. Den eine av forfattarane, Olav Veka, skulle vera kjend for dei fleste av lesarane av *Nytt om namn* med *Norsk etternamnleksikon*. Etter ei innleiing der det klart kjem fram at denne boka i fyrste hand er tenkt for amerikanarar med skandinaviske røtter, kjem ei god og utførleg innføring – utan bruk av ljodskrift – i dei vanlege uttalane i dei tre nordiske landa Noreg, Sverige og Danmark, men ikkje for Island og Færøyane. Noko grunngjeving for at islandsk og færøysk uttale ikkje er med, er ikkje gjevi.

Etter dette følgjer ei liste over jente- og gutenamn. Av jentenamn er det 392 oppslagsformer og om lag 550 namn. Av gutenamn er det 640 oppslagformer og om lag 1000 namn. Det er med andre ord eit relativt rikt utval av fornamn, men utvalet av namn ser ut til å vera noko vilkårlig, og det er fleire namn ein her saknar, som til dømes *Alis*, *Arngerd*, *Gry*, *Gunne*, *Gønner* (form av *Gunvor* som var svært vanleg på Hedmarka), *Mille*, *Olo*, *Olov*, *Røyan*, *Taran* og *Ulvhild*. Og mellom gutenamna finn ein ikkje *Arnvid*, *Avle*, *Bjert*, *Gullik* (rett nok er *Gulleik* med på s. 94), *Hungeir*, *Høye*, *Igul*, *Ingel*, *Jetmund*, *Jetvard*, *Skjoldulv*, *Skjøller*, *Solan*, *Strømme*, *Styrme*, *Syprian*, *Trygg*, *Villum* og *Ørja*. Her er mange former av *Torleiv*: *Talleiv*, *Tallev*, *Tolleiv*, *Tolleiv*, *Tollef*, men ikkje *Tølløv* og *Tølle*, former som har hatt stor utbreiing på Austlandet. Det er rett at *Jul* er ei form av *Gyrd*, men det har òg vori ei stuttform av *Julius* (slik iallfall på Nedre Romerike). Om *Ola* heiter det at uttala er *oo-laa*. Og det er jo rett i dei delane av landet som har tunn l, men ikkje i dei delane som har tjukk l. Ein kan skjøne at amerikanarar flest ikkje vil klare å uttale tjukk l, men ettersom boka går langt i å forklare nordiske uttaler, tykkjer eg at forfattarane skulle ha gjort litt greie for dette sær-eigne nordiske fenomenet. Noko av det same gjeld uttalene av *Sjur* og *Sjugur*, der den tjukke s-en ikke kjem fram.

Etter dette følgjer eit svært interessant kapittel om nordisk innvandring til Nord-Amerika, der vi mellom anna får høyre at Noreg var det landet som hadde den største utvandringa åt Amerika sett i høve til folketalet, og nest størst i Europa etter Irland. Spesielt gode og illustrerande er karta (s. 64–65) over den norske, svenske og danske innvandringa fordelt på dei enkelte statane. Her finn vi òg ei god innføring i den mykje mindre kjende innvandringa åt Canada. I det heile var 1,6 prosent av den kanadiske befolkninga av norsk opphav i 2006, mens 1,1 prosent hadde svenske røter.

Neste kapittel er ei grei innføring i namnetradisjonar i Skandinavia. Fyrst er det litt om fornamn og farsnamn attåt morsnamn. Deretter følgjer det relativt mykje om skilnadene i etternamnsskikken mellom dei skandinaviske landa, der Island skil seg frå dei andre nordiske landa ved at dei framleis held på farsnamna. I innleiinga til dette kapitlet heiter det at det islandske alfabetet har 34 bokstavar, men så vidt eg veit, er det vel bare tale om 32.

Eit lite kapittel er viggd oppkallingsskikken i Norden med døme frå forfattarane eiga slekt, der vi blir presenterte for skikken med oppkalling av besteforeldre. Forfattarane syner òg at oppkalling av ein manns avdøde ektefelle var vanleg, og at ein son ville bli oppkalla etter den avdøde far sin. Ein må vel her leggje til at oppkalling gjaldt like mykje enkjas avlidne mann.

Vidare følgjer eit kapittel om kva slags namn eller namneformer skandinavane valde da dei flytta til det nye kontinentet, og om dei i det heile endra namna sine. Mellom anna får vi høre om professor Einar Haugens teori: Fyrste fase der innvandrarane gav borna sine norske namn i tråd med den tradisjonen dei kom frå, andre fase der foreldra byrja å bruke namn som var meir i tråd med internasjonale namn, og endeleg den tredje fasen da foreldra byrja å gje borna sine amerikanske namn. Svært interessant er ein tabell over skandinaviske namn og ekvivalentnamna deira i Amerika, med til dømes *Austin* for *Østen* og *Øystein*, *Betzy* eller *Belle* for *Ingeborg* og *Goodlet* for *Gulleik*. Her er òg ein fyldig statistikk over dei mest populære jente- og guttenamna fordelt på tiårsperiodar frå 1880 og fram til no. Her er òg statistikk fordelt på dei amerikanske statane med størst skandinavisk busetnad.

Etter dette kjem eit kapittel om den historiske utviklinga av personnamna i Skandinavia frå vikingtida og fram til notida. Elles kan ein undra seg over at det i kapitlet om namnelover ikkje står noko om den islandske namnelova (*lög um mannanöfn*).

Etter eit kapittel om dei mest populære namna i Skandinavia i dag og eitt om namn frå norrøn mytologi kjem eitt om gjerda med namnedagskalendrar. Her får vi veta at Danmark ikkje har nokon kalender over namnedagar, men heller ikkje i dette kapitlet er det nokon informasjon om Island. Etter dette følgjer eit kapittel om namnetradisjonane i dei skandinaviske kongefamiliane. Til slutt kjem eit kapittel der forfattarane gjev råd om skandinaviske namn til småbarnsforeldre. Her er fleire lister over tilrådde namn etter kor vansklege dei er å uttala på amerikansk.

Fotografisk er ikkje boka så mykje å skryte av, og på s. 91 er det heller ikkje mogleg å sjå kva det står på den avfotograferte gravstøtta, men trass i enkelte manglar og lyte er boka godt skrivi og inneheld svært mykje interessant informasjon. Det er derfor all grunn til å tru at ho høver bra for eit amerikansk publikum med skandinaviske, og spesielt

norske, røter. Men boka kan med fordel også lesast av andre. Boka er dermed eit viktig bidrag til å fremja interessa og kjennskapen til den skandinaviske namnearven i Nord-Amerika.

Frode Myrheim  
frodmyr@gmail.com

## STORT VERK OM NORSKE *RUD-NAVN*

Margit Harsson: *Leksikon over norske rud-namn frå mellomalderen*. Novus forlag, Oslo 2010. 939 sider.

At det her til lands blir gitt ut store bøker i navnegransking, hører til sjeldenhetsene. Men mot slutten av året 2010 ble ei bok på over 900 sider ferdig: Margit Harssons leksikon over norske navn på *-rud/rød*. Selve leksikondelen tar det aller meste, 840 sider. Innledningen er ganske kort. Her gjør forfatteren greie for målsetting og avgrensning, ellers finner vi kommentarer av metodologisk art og forklaring på fagterminer. Bak i boka er det tatt med en fylkesvis oversikt over *rud*-navn, litt om nærskyldne ord og grammatisk form, litteraturliste, ordregister, til slutt et bilag med fylkesvise kart med herredsinnndelingen rundt 1920.

Formålet med *rud*-prosjektet er formulert i to hovedmål. Det første målet er å registrere, så fullstendig som mulig, alle norske *rud*-navn, sammensatte og usammensatte, fra middelalderen eller eldre. Det andre er å ordne og systematisere navnetilfanget slik at andre forskere, særlig agrar- og språkhistorikere, kan ha nytte av det i ulike sammenhenger (s. 8). Den kronologiske avgrensningen er satt til 1000–1350, da denne tallrike klassen av bostedsnavn i hovedsak var produktiv. I avgrensningen er historiske belegg brukt som rettesnor. Hvis en gard ikke er nevnt før 1700-tallet, er den definert som etterreformatorisk, fordi man står uten bevis for at den er eldre (s. 9).

Tallet på oppslagsnavn er rundt 3000. Oppsett og typografi samsvarer med Margit Harsson og Tom Schmidts utgivelser av Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold*. På grunn av den spesielle emneavgrensningen er navnene presentert i alfabetisk rekkefølge. Usammensatte navn, *Rud* eller *Rød*, er det mange av, og slike like navn følger etter hverandre fylkesvis. Det gjør det lett å finne fram til de enkelte navn.

*Rud*-klassen er tallrik og ytterst ordrik. Den tilhører en bestemt historisk periode, og den er konsentrert om Østlandet. Alle disse særegenhetsene gjør klassen velegnet for et leksikon som dette. *Buskerud*, det desidert mest kjente og brukte *rud*-navn av alle, er selvfølgelig kommet

med. I den store mengden kan vi ellers lese interessante artikler om *Bermingrud*, *Brokerud*, *Bylterud*, *Dagerud*, *Dillerud*, *Dusterud*, *Flaskerud*, *Hvaterud*, *Hønserud*, *Katterud*, *Kneggerud*, *Pisserød*, *Pjåkerud*, *Skallerud*, *Skrukkerud*, *Tisbjørnrud*, *Titterud* – og det merkverdige og dunkle *Ålkytterud*, for å nevne noen få. Spesielt for *rud*-navnene er at svært mange er belagt i skriftformer fra middelalderen, slik at det ofte er lett å identifisere ordinnholdet. Ikke desto mindre vil tolkningen støtt by på store utfordringer og usikkerheter. Et ordgjennomsiktig navn er *Bånerud*. Men hvorfor heter det det gjør? Forfatterens tolkningsforslag er at det her har bodd en familie med mange barn.

En betydelig del av oppslagsnavnene er bare kjent fra historiske kilder. Disse er merket med stjerne, som viser at det ikke er funnet noen uttale å normere etter. For eksempel gjelder det *Funderud*\* (Vinger, Hedmark, ‹Funderudt› 1585). Skrivemåten er brukt på fremdeles kjente navn som her er normert *Fonnerud* (av *forn* adj. ‘gammel’ eller et mannsnavn *Forni*).

I et verk som dette er det nødvendig å operere med et avgrensningskriterium for tolkbarhet. Dette kriteriet er praktisert mindre strengt enn det kronologiske. For eksempel må tallet på helt sikre *rud*-navn i Vest-Agder settes til null. I leksikonet er to navn fra dette fylket likevel med. Det ene er *Røen*, som er belagt én gang i en udatert kilde, ellers forsvunnet. Det andre er *Landro*, med eldre belegg ‹Landrødt› 1647, ‹Loenrød› 1668 og ‹Landrød› 1723, som indikerer et *rød*-navn. Men uttalen er i dette tilfellet [“*landri*”], og det skaper usikkerhet om klasse-tilhørigheten.

Den gode dokumentasjonen av eldre skriftformer gjør at dette leksikonet gir en særlig fin anledning til å studere norske ord- og navneformer i et historisk perspektiv, og vi får innsyn i mange ulike endringer de siste seks–sju hundre år, alt oversiktlig og godt presentert. Et av de morsomste eksemplene er *Makrelrød*, der belegg fra middelalderen viser at navnet er sammensatt med et sjeldent kvinnenavn *Maktild(r)*. Navnet *Bogerød* (Sem, Vestfold) hører til en sjeldent kategori vi kan betegne som *gjemt, men ikke glemt*. Eldste belegg er ‹j Baughurudi›, og forleddet er tolket som et kvinnenavn. Videre kan vi lese: «No heiter garden *Fyllpå*, men det ‘siges i Bygden’ at eldre namn er [“*bogerø*”]. [...] Namnet *Fyllpå* er første gong registrert i 1713, truleg fordi garden på 1700-talet var gjestgivargard og skysskifte.»

Personnavn og tilnavn forekommer ofte som forledd i *rud*-klassen, likeledes navn på yrkesutøvere. *Smedsrud/Smedsrød* har til sammen tretten oppslagsnavn. *Kopperud* har hele sytten og tolkes helst som ‘koppe-maker’. Det er litt rart at denne spesielle profesjonen skulle være til stede i så mange navn. Noe som også er litt pussig, er at *Trosterud* har fire oppslag, for her har vi et ord som ellers ikke er vanlig i navn. Det tolkes

helst som fuglenemnet *trøstr* m, trolig brukt som mannsnavn. Hvis Harssons (og også Ryghs) tolkning er rett, skulle vi helst ha forventet \**Trasterud*, svarende til en norrøn form \**Prastaruð*, selv om former med analogisk *o* (i skrift ⟨o⟩) også kunne være tenkelige. Middelalderbelegg av dette slaget er ikke funnet. Men det som er mest påfallende, er at ingen av middelalderbeleggene har ⟨r⟩ i forleddet. Former med ⟨r⟩ dukker først opp på 1500-tallet (1542) og er fra da av enerådende. Dette er observasjoner som er interessante og som etter min mening burde ha hatt en kommentar. Middelalderbeleggene er ifølge Harsson disse: 1. Trosterud, Rødenes, Østfold: «*j Postarudi, Postaruð* (sønde, nordre) RB 152, 1400». 2. Trosterud, Aker, Akershus: «(*Tostarudh* RB 255, 1400)». 3. Trosterud, Ås, Akershus: «(*Thostu(!)* [...] *Ak reg nr 829, 1429* (avskrift 1622))». Det minimalt ulike gardsnavnet *Tosterud(-rød)* finnes også, der forleddet er *Porsteinn* (eventuelt kjæleformen *Tosti*). (Et oppslagsnavn *Tostarud\** er forklart slik, men det ser ut til å gjelde samme gard som oppslagsnavnet *Trosterud* i Aker, som altså er gitt en annen forklaring.) *R*-en faller her vakk tidlig, jf. *⟨j Posteinsrudi* 1400, jf. ⟨Tosterudt⟩ 1514. Slik jeg ser det, finnes der for *Trosterud* en alternativ tolkningsmulighet. Det skulle gå an å forklare *Trosterud*-navnene slik: De til sammen fire skriftformene fra middelalderen, som alle er uten ⟨r⟩, reflekterer ingen skrivefeil. Navnet har tidligere vært \**Tostarud* eller \**Tosterud*. Folk har etter hvert ikke forstått forleddet *tost* eller oppfattet *tost* som en barne-språkaktig uttale av *trost*. Forleddet *tost* har derfor blitt harmonisert til *trost*. Tilsvarende kan vi tenke at det nevnte *Maktildrød* er blitt til \**Maktelrød*, og \**maktel* er så blitt harmonisert til *makrel*.

Av boka går det tydelig fram at navnforskningen etter Oluf Ryghs tid har gitt resultater, og gjerne slik at vi har kommet til sikrere tolkninger av mange navn. Et godt eksempel på det har vi fra Harssons egen forskning, der hun har vist at det enestående navnet *Kuggerud* ganske sikkert inneholder et gammelt elvenavn *Kugga*, som forfatteren gir en tolkning av. En viktig kilde etter Rygh er E. H. Linds leksikon over norsk-islandske personnavn fra middelalderen, som det stadig blir vist til når tolkningsveier prøves.

Til dette leksikonet har Margit Harsson valgt en måte å ordne stoffet på som gjør det til et oversiktlig og velordnet oppslagsverk for de faginteressene det retter seg mot. Når boka i tillegg har fått en solid innbinding med stive permer, blir den lett å sette i bokhylla – og ta fram igjen. Ved siden av å være et utmerket oppslagsverk er dette ei svært lærerik bok som mange vil ha utbytte av. Her er det mye spennende lesning for dem som interesserer seg for navnegranskning.

## VENNESKRIFT OM NAMN OG ORD, SÆRLEG KNYTTE TIL SJØ OG VATN

*Från sjö till hav. Namn- och ordstudier tillägnade Birgit Falck-Kjällquist.* Red. av Maria Löfdahl, Fredrik Skott og Lena Wenner. Utg. av Institutet för språk och folkminnen, Göteborg 2010. 165 sider.

Dette venneskriftet, eller festskriften som det gjerne vart kalla tidlegare, vart gjeve ut i tilknyting til Birgit Falck-Kjällquists 75-årsdag. Jubilanten har vore både arkivsjef ved Dialekt-, stadnamn- og folkeminnearkivet i Göteborg og professor same stad. Innanfor namnegranskinga har interesseområdet hennar særleg vore namn langs kysten.

Dei atten artiklane i boka er ikkje berre knytte til kystnamn som titelen tykkjест signalisera, men syner stor breidd i emne, frå ein reint leksikografisk artikkel om *hapax* i SAOB (Svenska Akademiens ordbok) og ein analyse av Mrs. Bennets karakter i Jane Austins *Stolthet og fordom*, til klassiske artiklar om stadnamn som Göran Hallbergs om *hav* og *sjø* i skånsk kystkultur og Thorsten Anderssons om gardsnamnet *Sebende*.

To av artiklane er skrivne av folk utanfor det svenske fagmiljøet; Botolv Helleland skriv om utanlandske innslag i norske stadnamn, og Tom Schmidt om ordet *bing(e)* i stadnamn. Den fullstendige tittelen på Hellelands artikkel signaliserer tydelegare kva han tek for seg: «Frå *Jeriko* til *Vaterlo* – utanlandske nedslag i norske stadnamn». For ein vestlending er ikkje denne namnetypen så godt kjend, dei tykkjест høyra heime særleg i den austlandske floraen av namn på husmannsplassar. Frå mjøsbygdene kan me nemna både *Spania*, *Spaniland*, *Jerikosvea*, *Ninive* og *Prøysen*. Forfattaren nemner ikkje at mange av dei til og med har fått status som etternamn, t.d. *Spaniland* med 23 berarar og *Ninive* med 28 berarar i 2010.

Forfattaren studerer namna både historisk, geografisk, typologisk og språkleg. Gjennom eldre døme som *Gallis* (1398, av *Galicia* i *Spania*), *Kongell* (1616, av *Konghelle*) og *Bahus* (1616, av *Båhus(len)*) syner han at denne typen kan vera gammal i norsk, men han peikar på at tolkinga av slike namn slett ikkje alltid er udiskutabel. Namn som *England*, *Skotland* og *Grønland* treng ikkje vera innlånt oppkalling, men like gjerne norsk namnelaging med *eng*, *skot* og *grøn + land*. Som venta dominerer namn frå nærliggjande land, særleg Sverige. Dei meir fjerntliggjande og eksotiske er gjerne knytte til historiske hendingar som slaget ved Waterloo. I tillegg kjem ei stor gruppe namn av bibelsk opphav. Dei aller fleste namna held ikkje på framande språktrekk, men er tilpassa norsk tonelag og lydsystemet i bygdemålet. Uttalen kan ein dermed sjeldan bruka som indisium på utanlandsk opphav. Artikkelen er lettskriven og godt leseleg

for dei fleste, om ikkje anna så ville omtalen av det snodige og avstikkande *Fuglesang(en)* på s. 61 vekkja interesse.

Ingen kan vel ha unngått å lesa om alle ballbingane som er bygde dei seinaste åra. Tom Schmidt går gjennom ordet *bing* eller *binge* frå dei eldste belegga i stadnamn og norsk generelt og fram til bruken i dagens samfunn. Forfattaren har nok valt denne ordundersøkinga etter arbeidet med *Bustadnavn i Østfold*, for det er i dette fylket ordet er særleg utbreidd. I dag er appellativet relativt godt kjent om ‘inngjerding’ som i *ballbinge* utan at ordbøkene førebels har fanga det opp.

Ingen av desse to artiklane er knytte til sjø og vatn. Det er heller ikkje Eva Bryllas artikkel, «Birgit Falck-Kjällquist – får hon heta så?», med fokus på den uklare praksisen med doble etternamn med eller utan bindestrek og mellomnamn. Det tradisjonelle nordiske etternamnsystemet er under press både av likestilling, innvandring og generell liberalisering av individet sine rettar. «Får hon heta så?» Nei, faktisk ikkje, i strid med den meir liberale praksisen i grannelanda som tillèt slike bindestreknamn.

Knytt til kysten er Maria Löfdahls «Från Tistlarnar til Nordkoster» med eit oversyn over namn på fyr langs vestkysten, eit emne som burde interessera sjøfarande nordmenn. Sidan lågtysk i mange tilfelle er opphavet til skipsbyggingsterminologi både i Sverige og i Noreg, burde mange av fagorda i Birgitta Ernbys gjennomgang i artikkelen «Sudskalk och vrangbåge» også vera kjende langs norskekysten.

Resten av artiklane er i hovudsak tradisjonelle stadnamnartiklar, med oversyn over kjelder, munnleg tradisjon, skildring av terrenget, tidlegare tolkingsfreistnader og ei eiga vurdering med grunnlag i den kunnskapen som ligg føre i dag. Hit høyrer artikkelen til Thorsten Andersson om *Sebende*, Lennart Elmevik om *Gapern*, Hugo Karlsson om nokre sjø- og vassdragsnamn i Vest-Sverige, m.a. sjønamna *Färgen* og *Skagern*, Eva Nyman om vassnamn på *Snägd-*, Staffan Nyström om *Skoboraden*, Ritva Liisa Pitkänen om svenske stadnamn ved Bottenhavet, Svante Strandberg om gardsnamnet *Tjärän* og Mats Wahlberg om soknenamnet *Säfsnäs*. Når me då legg til Birgit Eakers artikkel om ordet *uppsjö* og Anna-Brita Lövgrens artikkel om ein prests liste over fattige og tiggarar i soknet sitt i 1696 skulle alt vera nemnt. Og det kryptiske *hapax* i SAOB? Den nòta overlèt me til lesaren å knekkja.

Boka er vel gjennomarbeidd og utan redigeringsfeil, illustrert med kart og nokre bilete og trykt på skikkeleg papir. Ein omtale av ei fagbok i *Nytt om namn* 49 (2009) avslutta eg slik: «Det er ein uskikk å gje ut fagbøker utan eit skikkeleg register.» Det gjeld framleis.

## STEDSNAVN I GARDSHISTORIE

Frode Myrheim og Odd Ottesen: *Gards- og slektshistorie for Høland og Setskog*. Bind 6, del 1. *Kirkefeierdingen*. Gnr. 25–31. Utg. av Aurskog-Høland kommune, 2010.

Bygdebøker er noe som helst blir omtalt i andre fagskrifter enn *Nytt om namn*; men i den boka som nå har kommet, har lokal navneskikk, både personnavn og stedsnavn, fått en slik brei og integrert plass i gardshistorien at denne nyheten absolutt bør gjøres kjent for våre lesere. Her er det sju matrikkelgarder i Aurskog-Høland som har fått sin gardshistorie: Østre Nes, Vestre Nes, Berger, Brautmet, Hjellebøl, Borgersrud og Løren.

Måten gardshistorien er framstilt på, er mye lik den vi kjenner fra andre moderne bygdebøker. Den enkelte gard er fyldig beskrevet, fra de eldste tider og like til 2010, med opplysninger om eierforhold, beboere, slektsforhold, bruksdelinger, boplasser og næringsgrunnlag. Hos Myrheim og Ottesen er garden noe langt mer enn en abstrakt produksjons- og boenhet; den er i høyeste grad et fysisk fenomen som menneskene endrer over tid. Ved hjelp av fyldige tekster og en mengde fine illustrasjoner blir vi kjent med hvordan hus og tun og landskap ser ut og har sett ut.

Frode Myrheim er cand.philol. med hovedfag i historie. Han er dessuten sterkt interessert i navnegransking og aktivt med i Norsk namnelag. Under arbeidet med boka tok han kontakt med lokalkjente folk og registrerte vitenskapelig alle teignavn og andre lokale navn de visste om. Til presentasjonen av hver gard er det et luftfotokart i farger, der lokale navn er inntegnet. På luftfotokartene er det også merket av bruksgrenser, brønner, gamle hustomter, husmannsplasser, smier og veier. Gardsnavn, bruksnavn og teignavn blir på en vitenskapelig måte presentert og tolket, der uttaleopplysninger i lydskrift og opplysning om preposisjonsbruk også er med. En slik gjennomført faglig behandling og integrering av navn i lokalhistorien er noe nytt i denne typen bokverk. Myrheim viser en forbilledlig måte dette kan gjøres på.

I forordet skriver Frode Myrheim at det oppsto sterke motsetninger mellom bygdebokfatteren og enkelte i bygdebokkomitéen om skriving av gardsnavn, og at striden gikk til formannsskapet som 23. august 2010 enstemmig avgjorde at bygdeboka heretter skal bruke offisielle skriftformer av gardsnavn.

Innledningen handler ganske mye om navn, også personnavn. Forfatteren skriver: «Som ellers i landet var *Ola, Per, Nils, Hans, Marte, Berte, Kari* vanlige, men når det gjelder særegenheter, er det vel ikke noe som kommer opp mot mannsnavnet *Syprian*. Det antas at dette navnet har kommet til oss fra Italia og gjennom presteslekta Floor i Høland på

1500-tallet. [...] I dag er det bare en som bærer navnet i Høland, og da som andre fornavn. Det er derimot ingen som bærer navnet som eneste fornavn. Syprian Bjerkholt (1915–2006) var en av de siste i Høland med dette navnet, der den tradisjonelle uttalen "seprian eller "syprian blei brukt» (s. 13).

Blant teignavnene er vanlige grunnord som *åker* m. og *jorde* n. mye brukt, men også det regionale grunnordet *slor* f. «våtlendt og feit grasmark ved vann» (s. 44). Vi finner det brukt usammensatt i *Slora* og *Slorene*, og sammensatt i navn som *Gullhaugslora*, *Langslora* og *Storslora*.

Som det går fram av tittelen, er dette bindet første halvdel av bind 6. Forfatteren opplyser på s. 9 at ei litteraturliste vil komme med i andre halvdel. I kildeoversynet håper jeg det også blir gitt plass for muntlige kilder, ei liste over de informantene som forfatterne var i kontakt med (navn og fødselsår). Det vil framtidige folk på disse gardene helt sikkert verdsette.

Boka er innholdsrik, velskrevet og oversiktlig bygd opp. Men hva er det da som blir oppnådd ved å integrere navneskatten så sterkt og faglig overbevisende som i dette tilfellet? Her er det lett å svare at man oppnår å framheve stedsnavnene som kulturminner. Videre at en slik omfattende dokumentasjon av navn vil være til uvurderlig hjelp for framtidige granskere, når disse skal prøve å tyde innholdet i lokalhistoriske dokumenter (f.eks. grensegangssaker og delingsdokumenter). Men hvis vi går videre og spør oss hvilken effekt denne nyvinneningen har på selve beretningen, vil jeg framheve tre ting: 1. Framstillingen blir rikere; mer av gardens historie kommer til syne. 2. Framstillingen blir mer levende og ekte. Den innfødte leser vil sikkert føle seg mer heime. 3. Framstillingen blir i mange sammenhenger klarere og mer presis. Det siste er vesentlig fordi gardshistorie – blant annet – dreier seg om å fortelle om navngitte mennesker som bruker et navngitt landskap. En slik faglig gjennomtenkt bruk av lokale navn gjør at mange viktige gardshistoriske fakta kan uttrykkes med større presisjon enn ellers.

Inntrykket er at Myrheim og Ottesens *Gards- og slektshistorie for Høland og Setskog* er et verk av gjennomført høy faglig standard. Dessuten er det rikt og flott illustrert. Her møter vi to bygdebokforfattere som virkelig har gått inn for å gjøre seg kjent med de gardene de skriver om: de historiske kildene, menneskene, tunet og bygningene, kulturminnene, landskapet – og hvordan menneskene brukte det, levde av det og lot det bli navngitt. Dette er et verk som jeg varmt vil anbefale lokalhistorikere og navnegranskere å studere.

## SUNNMØRSKE TUNNAMN

Jostein Fet: *Sunnmørske tunnamn. Individ – samfunn – landskap.* Snøhetta forlag. Lesja 2010. 415 sider.

Med boka om *Sunnmørske tunnamn* har Jostein Fet levert ei velskriven og vakker bok. På omslaget er det attgjeve eit fotografi av ei røykstove på Norang i Hjørundfjorden. På baksida finn ein korte biografiske opplysningar om forfattaren. Boka er godt illustrert med ei rekke eldre fotografi i svart-kvitt og tretti sider med kartutsnitt i fargar. Språkføringa er framifrå, også når forfattaren prøver seg på ein tilnærma sykkylvsnormal i innleiingsteksten «Ei lita ættesoge». Korrekturfeil finst det mest ikkje. Eit unntak eg har merkt meg, er «*kargrunnlag*» for *kartgrunnlag* på kolo-fonsida, som skjemmer litt så tidleg i boka.

Det registrerte namnematerialet er på heile 4763 tunnamn, 3358 frå Nordre Sunnmøre og 1405 frå Søre Sunnmøre. Namna er henta frå gards- og bygdebøker frå atten tidlegare eller noverande kommunar eller delar av kommunar. Berre registreringa av dette store namnetilfanget er eit mykje omfattande og noggrant arbeid. Forklaringa på at utvalet av og til kan verke noko ujamt, skriv seg frå dei kjeldene som er nytta.

Namneregisteret er på 158 sider og utgjer såleis ein stor del av boka. Det er ordna i grupper etter dei sju namnetypane som forfattaren har nytta. Det er såleis ikkje eit tradisjonelt alfabetisk register med sidetilvisingar, som ville ha gjort boka meir lesarvennleg. Eigentleg er registeret eit oversyn over heile namnesamlinga ordna i grupper utan sidetilvising, men med korte kommentarar om kvart einskilt namn. Den detaljerte innhaldslista bøter i nokon mon på dette.

Eit sentralt spørsmål forfattaren tek opp, er kva som er hovudskilnaden eller eventuelt likskapen mellom tunnamn og bruksnamn. Fet har valt termen *tunnamn* og skriv innleiingsvis i kap. 1: «Med eit tunnamn meiner eg det tradisjonelle, folkelege namnet på eit *gardsbruk* eller (*husmannsplass*).»

Denne definisjonen viser kor vanskeleg det er å skilje skarpt mellom desse to termane. Dei ser ut til å tyde det same, men forfattaren argumerterer for at dei har ulike tydingar. På same måten som tunnamna kan nok også bruksnamna ha meir enn éi form, nemleg ei formell form som står i matrikkelen og ei eller to former som er brukt i daglegspråket. Men eit tunnamn viser i større grad enn eit bruksnamn til sjølve tunet, oftast eit flatt område mellom husa der folk bur, medan eit bruksnamn meir viser til drifta av bruket. Eit tunnamn har såleis ei noko anna tyding enn eit bruksnamn, ikkje berre reint psykologisk, men også semantisk. Når han vel termen *tunnamn*, kan det også vere ut frå eit reint språkleg og stilistisk omsyn. Fet liker nok termen *tunnamn* best, sidan ordet *tun* har

ein gammal og ærverdig dåm i seg. Han viser til Leiv Heggstads *Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding* (Oslo 1930, s. 709) som fører opp fire tydingar av norr. *tún* n.: 1) inngjerd mark, 2) tun, gardstun, 3) tun, bruk i ein gard og 4) by. Bjorvand og Lindeman derimot seier at *tún* n. er ein «åpen, flat plass mellom husene (på en gard)» (*Våre arveord. Etymologisk ordbok*, 2. utg., Oslo 2007, s. 963). Etter mitt skjøn ville det forenkle problemstillinga å knyte etymologien til deira definisjon.

Namnetilfanget er inndelt i sju kategoriar, nemleg tunnamn som innehold personnamn, etternamn, namn på heimbygda til brukaren, yrket til brukaren, husnamn, retningsnamn og naturnamn. Eg har elles nokre reint namnafaglege merknader til boka. Den første gjeld inndelinga i sju grupper. I all hovudsak systematiserer Fet namna etter førsteleddet (underleddet), t.d. *Andersgarden*, *Farkvampllassen*, *Tyskholmen*, *Lånegarden*, *Framigarden*, *Bratteberg*, og ikkje etter sisteleddet (hovudleddet), som er den vanlegaste måten å dela inn stadnamn på. Den inndelingsmåten som Fet nyttar, høver godt for dei reint personorienterte tunnamna, men ikkje så godt for tunnamn som inneheld naturnamn, og då særleg ikkje for usamansette som *Bakkjen*, *Botnen*, *Hauen* osv. Eg kan såleis ikkje sjå at det er nytta heilt same inndelingsprinsippet for dei sju gruppene. Elles synest eg kap. 17, «Lyd og skrift», burde ha vore meir utdjupa, kanskje også delar av kap. 18 om samanbinding av første- og andreleddet. Så saknar eg eit alfabetisk namneregister med sidetilving, men forstår at det ville vere vanskeleg med ei så stor namnemengd. Rett nok hjelper den detaljerte innhaldslista mykje når det gjeld å finne fram, men boka er likevel ikkje lett å orientere seg i for dei som måtte vere ukjende i området.

Bibliografien er etter måten fyldig og representativ, men eg saknar eit par sentrale verk, først og fremst Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindemans eineståande bok *Våre arveord. Etymologisk ordbok* (Oslo 2000/2007). Sidan Fet omtalar så mange personnamn, ville eg vente at han også tok med andre bøker om personnamn enn Ivar Aasens *Norsk Navnebog* frå 1878.

*Sunnmørske tunnamn* inneheld ei namnesamling og ein namnafagleg analyse av 4763 tunnamn frå Sunnmøre. Denne namnetradisjonen saman med dei lokalhistoriske opplysningane vil ha stor kulturhistorisk verdi og er eit verdfullt tillegg til liknande bøker om desse emna. Så burde namna dataførast og innlemmast i Interkommunalt arkiv i Ålesund (IKA).

Peter Hallaråker  
 peter.hallaraker@hivolda.no

## ***ONOMA 43 ER UTKOME***

*Onoma. Journal of the International Council of Onomastic Sciences* vol. 43 (2008). *Commercial Names*. Peeters, Leuven [2010]. 464 sider.

*Onoma*, tidsskriftet til den internasjonale namnegranskorganisasjonen ICOS, er kome ut med årgang nr. 43. På grunn av eit etterslep har heftet fått 2008 som utgjevingsår. I føreordet heiter det at artiklar i *Onoma* «are doubly refereed, following the highest standards of international practice», men det hjelper ikkje for norske forskarar sidan dei berre kan få publikasjonspoeng for arbeid utgjevne i det året dei melder inn publikasjonen. No er det heller ikkje nordmenn med i denne årgangen. *Onoma* 43 er på heile 464 sider, det høgste sidetalet på mange år. Ordninga med temanummer har no vart ein del år, og temaet for denne årgangen er kommersielle namn, ein kategori som krinsar i skjeringspunktet mellom namn og nemne.

Til saman inneheld årgangen tjue artiklar; elleve på engelsk, åtte på tysk og éin på fransk, halvparten skrivne av kvinner. Den fyrste ber tittelen «Commercial names as indicators of innovation and change: new reflections and challenges» [Kommersielle namn som indikatorar på fornying og endring: nye tankar og utmaningar] og er ein tematisk gjennomgang av heftet, signert trioen Angelika Bergien, Ludger Kremer og Antje Zilg (desse er òg gjesteredaktørar av denne årgangen). Elles er artiklane ordna i gruppene produkt- og merkevarenamn (12), namn på selskap (5) og til slutt transportnamn og turistnamn med ein artikkel i kvar gruppe. Både Andreas Lötscher og Jørgen Schack drøfter namnestatusen til produkt- og merkenamn. Benoît Leblanc tek for seg rettslege problem der plagiat av merkevarenamn er stridsspørsmål. Namnestrategiske framstøytar i snøggmatkjedene er emne for artikkelen til Erhard Lick og Holger Wochele. Så kjem ein artikkel om ungarske merkevarenamn av László Vincze, deretter har Marie A. Rieger ei drøfting av av italienske produktnamn i Tyskland. Marcienne Martin skriv om symbolske landskap og merkenamn på matvarer på latinske språk. Glamourindustriens produktnamn har fanga interessa til Antonia Montes Fernández, medan Elke Ronneberger-Sibold har studert oppsedande aspekt i tyske matvarenamn i det 20. hundreåret. Andreas Teutsch har fokusert på merkevarenamn og tidsånd. Ei nærståande problemstilling ligg til grunn for Antje Zilgs artikkel om trendar i industrielle merkevarenamn. Laurel Suttons diskusjon av *Kijiji* som globalt merkenamn avsluttar den fyrste avdelinga. I den andre avdelinga om selskapsnamn tek Julia Kuhn for seg namnendring i Fiat (*Agnelli* vs. *Elkann*) og kva sosioøkonomiske implikasjonar det har. Fiorenza Fischer tek for seg ei viss gruppe tiltaksnamn. Paula Sjöblom skriv om ulike aspekt i selskapsnamn, Bertie Neethling om namn som manifestering av svart makt i Sør-Afrika. Språkleg mote og namn i rus-

sisk marknadsføring er emnet til Irina Kryukova. Heftet vert avslutta med eit arbeid om namn på europeiske fjerntog av Christian Weyers og ein studie av namn på turiststader nord for Barcelona av Joan Tort-Donada.

*Onoma* 43 kan tingast gjennom forlaget Peeters i Leuven, Belgia ([www.peeters-leuven.be](http://www.peeters-leuven.be)). Ein kan òg tinga det som online-dokument mot ei viss avgift. Medlemer i ICOS får heftet fritt tilsendt.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## **OSLO BYLEKSIKON I NY UTGÅVE**

*Oslo byleksikon*. 5. utg. Red. av Knut Are Tvedt. Kunnskapsforlaget, Oslo 2010. 693 sider, ill.

*Oslo byleksikon* kom i 5. utgåve på tampen av 2010, ti år etter den førre. I denne utgåva er det lagt særleg vekt på å gi ei grundig omtale av dei mange endringane i bybiletet i Oslo, og artikkelmassen er utvida frå 5500 til 6100. Leksikonet skal gi eit breitt bilet av hovudstaden, der stikkorda er «en økende befolkning, et religiøst mangfold og en flerkulturell by».

Leksikonet er delt inn i fire hovuddelar. Først ei 32 sider lang innleiing. Viktigast er sjølvsagt dei alfabetiserte leksikonartiklane, som utgjer 612 sider. Deretter kjem tabellar over minnesmerke og prydskulpturar (17 sider) og til sist eit kartverk (22 sider + register). Generelt gir boka eit solid inntrykk. Ho har godt med bilete og illustrasjonar, og ho byr på mykje spennande lesestoff i fyldige og varierte artiklar. Det vil likevel føre for langt å gi ei generell omtale av leksikonet her, så eg vil nøyne meg med å kommentere enkelte språklege tilhøve i innleiinga og leksikondelen.

Oversynsartikkelen gir primært ei historisk framstilling av Oslo. Han er fyldig, og nettopp derfor meiner eg at han òg kunne gitt ei innføring om namneskikken i Oslo, der ein kunne få vite kva som særmerker namna i byen. Det gjeld både dei eldre gardsnamna sett i høve til namneskikken elles i landet og dei yngre, urbane namna som skil seg ut frå den særnorske namneskikken på fleire plan. Dessverre viser det seg ofte i oppslagsverk at tilhøve ein reknar som «stabile», som immaterielle kulturuttrykk, lett blir gløymde når ein reviderer tekstmassen. Forklaringa av namnet *Oslo*, som har vore uendra i leksikonet i alle fall sidan 1987 (som er den eldste utgåva eg har hatt tilgang til), går over åtte spaltelinjer – og eg trur ikkje ein må vere namnegranskar for å meine at dét er i knappaste laget. Det finst nyare litteratur om emnet, f.eks. av Åse Wetås (*Namneskiftet Kristiania–Oslo*, Oslo 2000, og artikkel i *Maal og Minne*

nr. 2/2004, s. 129–147) og Harald Bjorvand (i *Namn och bygd* 96, 2008, s. 25–34), der sistnemnde konkluderer med at namnet tyder ‘gudeslette’. Debatten om namnetydinga blussar opp med jamne mellomrom; det er eit emne som engasjerer. Så å nøye seg med å skrive at tolkinga av førsteleddet står mellom ‘elvemunning’, ‘høgdeddrag’ eller ‘førkristen gud’, der dei to siste er dei vanlegaste, meiner eg ikkje er tilstrekkeleg.

Når det gjeld andre språklege tilhøve, blir oslomålet omtalt over ei halv side, og med unntak av eit avsnitt om forfattarar som bruker dette målet i diktinga si, er teksten den same som dei to førre utgåvene. Ein kunne ønskje seg meir om korleis dialekten har endra seg dei seinaste åra, mellom anna som følgje av auka innvandring, og korleis dialekten blir brukt i fleirkulturelle ungdomsmiljø. Ved Universitetet i Oslo er det etablerte forskingsmiljø som arbeider med desse emna, mellom anna UPUS (Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø), og det er publisert fleire avhandlingar som handsamar ulike aspekt ved emnet. Når leksikonet tek mål av seg til å vise endringar som følgje av ein stadig meir fleirkulturell by, burde ei omtale av talemålsendringar vere ein naturleg del av dette. Det lokale universitetet har altså kunnskap om emnet og sikkert òg interesse av å formidle denne kunnskapen til ålmenta.

Eg har nemnt at innleiinga kunne sagt noko om namneskikken i Oslo og meir om namnet *Oslo*. I dei alfabetiserte artiklane ser det i mange tilfelle ut til at namneforklarings har fått plass. Likevel er det ein del stader der ein nok kunne ønskje seg meir informasjon. Korfor har ei populær badestrand i Oslo namnet *Katten*? Korfor heiter det *Telthusbakken*? Eller *Trasopp*? Etymologien bak oppkallingsnamna, som til dømes *Jerusalem*, er (sjølvsagt) ikkje teken med, i dette høvet er ikkje bakgrunnen for namnegivinga det heller. Kanskje det hadde vore nyttig med ei forklaring av namnetypen? Det gjeld òg imperativnamna. Namnet *Bilit-kroken* seiest å ha namn etter plassen *Bilidt*, som ikkje har eige oppslag. Derimot er løkkenamnet *Bislet* forklart, som *Bisaalit*: «navnet tyder på at det har ligget et bevertningssted her» (s. 78). Denne forklaringa krev at ein er fortruleg med dansk og med eldre stavemåte, og dessutan at ein kjenner til kva eit imperativnamn er. Som nemnt, ein oversynsartikkel over namneskikken i det sentrale austlandsområdet hadde vore nyttig.

Når det gjeld dei eldre gardsnamna, har dei som regel oppgitt ei norrøn form og ei stutt forklaring. Ofte samsvarar ho med det Oluf Rygh konkluderer med i band 2 av *Norske Gaardnavne* (NG) og *Norsk stadt-namnleksikon* (NSL), men ikkje alltid. Eg skal gi nokre få døme. I namnet *Blindern* seier ikkje byleksikonet noko om etterleddet, mens førsteleddet skal skrive seg frå ein skjult bekk. NG forklarer namnet som eit *vin*-namn med førsteleddet *blindr* ‘blind’, men det er uklart kva «blind» skal vise til her. NSL gir fleire tolkingar, og den nyaste, av Harald Bjorvand (*Namn och bygd* 93, 2005, s. 45–57), set førsteleddet i samanheng

med ‘urein, grumset’, om bekk. I artikkelen frå 2005 handsamar Bjorvand mellom anna også namnet *Ljan*, som er utolka i byleksikonet. Andre namn, som *Vøyen*, har inga norrøn form med forklaring, sjølv om ho er oppgjeven i NSL og NG. Generelt er det uklart kor namnetolkingane kjem frå (leksikonet har inga litteraturliste eller oversyn over fagkonsulentar med kompetanseområde). Nokre gonger er dei dristige ved at ein kan ha valt ei tolking der namnelitteraturen tek etterhald eller gir fleire moglege tydingar – og generelt er dei daterte, det vil seie at fleire av namna har fått nye forklaringar. *Oslo byleksikon* er rett nok ikkje eit namneleksikon, og utgivarane verken kan eller vil bruke mykje plass på namnetolkingar. Likevel vil eg meine at artiklane, både dei som omtalar eldre namn, og dei som omtalar nyare namn, kunne ha godt av å bli friska opp av ein fagperson. Som med språkstoffet elles er dette ein kompetanse det burde vere lett å få tilgjenge til. Til dømes har namnemiljøet ved Universitetet i Oslo og Prosjekt gatenamn i Oslo kommune kunnskap om presentasjon av namnestoff og om namneforklaringar og namnepolitikk. Det er ikkje noko som tyder på at utgivarane har prioritert dette på ein del år; eg kan ikkje sjå tilføyinger eller omskrivingar sidan 1987-utgåva, som altså er den eldste eg har tilgjenge til.

Etter det som er sagt her, ser det ut til at leksikonet vender seg til menneske med langt større interesse for historie enn for filologi. Eg trur likevel ikkje ein må vere filolog for å etterlyse meir stoff om språklege tilhøve i Oslo; det er mykje som tyder på at særleg stadnamna vekkjer interesse hos dei som er interessert i byhistoria. Les ein spalta «Aften spør for deg» i Aftenpostens aftennummer, ser ein at tydingar av namn på gater, løkker, eigedommar, gardar og bruk i Oslo stadig er noko lesarane ønskjer å få svar på.

Trass i innvendinga om at den immaterielle kulturarven ikkje er godt nok teken vare på, kjem for meg leksikonet positivt ut i sum. Truleg vil ein innfødd osloborgar finne mykje som skaper minne og identitetskjensle, og ein innflyttar, som eg, har stor glede av å bla i leksikonet. Det er eit solid forlagsprodukt, utarbeidd av ein erfaren redaksjon. Likevel har kanskje ikkje rammevilkåra vore optimale for denne utgåva. Det har truleg ført til at ein har vore varsam med å bruke eksterne medarbeidrarar (i alle fall innanfor språkvitskap), og det er lett å tenkje seg at ein med knappe ressursar vel å konsentrere innsatsen til lett synlege oppdateringar av aktuell art og vel bort emne dei fleste nok meiner er av meir uforanderleg karakter – som språklege tilhøve. Dessverre! Eg håper Kunnskapsforlaget eller eigarane har ressursar til å halde fram med og utvide oppdateringa av leksikonet, og slik gjere opp for dei manglane eg har peikt på her.

## NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

### NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2009

Norsk namnebibliografi femner um namnegrarlege arbeid av norske granskurar og arbeid av utlendske granskurar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til næste år.

Klaus Johan Myrvoll  
k.j.myrvoll@iln.uio.no

Akselberg, Gunnstein. [Melding av] Silvio Brendler: *Nomematik. Identitätstheoretische Grundlagen der Namenforschung (inbesondere der Namengeschichte, Namenlexikographie, Namengeographie, Namensstatistik und Namenstheorie)*. Hamburg 2008. *Namn och bygd* 97, s. 175–178.

Alhaug, Gulbrand og Minna Saarelma. Namn på barn i Noreg (fødd 1990–2006) med finske eller finsk-norske foreldre. I: *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5 / NORNA-rapporter 85.) Uppsala, s. 85–109.

Alldén, Lars. Når navn skal settes. [Om gatenamn i Oslo.] *Nytt om namn* 49, s. 26–31.

Dalberg, Vibeke. [Melding av] Åse Wetås: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Oslo 2008. *Namn och bygd* 97, s. 237–239.

Enger, Hans-Olav. Åse Wetås: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Dr.art.-disputas ved Universitetet i Oslo, 29. august 2008. Førsteopponent. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 27 (2), s. 328–339.

Eskeland, Tuula. Finske stedsnavn i det skandinaviske området, Finn-skogene. I: *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5 / NORNA-rapporter 85.) Uppsala, s. 19–27.

Fridell, Staffan. Åse Wetås: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Dr.art.-disputas

- ved Universitetet i Oslo, 29. august 2008. Annenopponent. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 27 (2), s. 340–348.
- . [Melding av] Arnold Dalen, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Trondheim 2008. *Namn och bygd* 97, s. 178–179.
- Hallberg, Göran. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold* 8. *Idd*. Utg. Margit Harsson. Oslo 2008. *Namn och bygd* 97, s. 193–194.
- Harsson, Margit. Fjulsrød, Haverstingen og Bøtet – tre gátefulle navn. I: *Heftet Ringerike* 2009 (nr. 81), s. 55–59.
- Haslum, Vidar. En sterk trang til å normere – som fylte et behov? En sammenlikning av Ivar Aasens Grammatik/Ordbog og Navnebog. I: *Språknormering – i tide og utide?* Red. Helge Omdal og Rune Røstad. Oslo, s. 145–156.
- . Fornavnsskikk og lokalhistorie. *Heimen* 46 (1), s. 57–72.
- . *Stedsnavn i Sannidal. En lokalhistorisk innsamling. Eidet. Gnr. 78. Sannidal herred, Kragerø, Telemark*. Utg. Sannidal historielag. 20 s. ill.
- . Stedsnavninnnsamling som lokalhistorisk prosjekt. *Nytt om namn* 50, s. 42–49.
- . Tradisjon og fornyelse i nordiske navn. [Melding av] *Norræn nöfn – Nöfn á Norðurlöndum. Hefðir og endurnýjun / Nordiska namn – Namn i Norden. Tradition och förnyelse. Handlingar från Den fjortonde nordiska namnforskarkongressen i Borgarnes 11–14 augusti 2007*. Red. Guðrún Kvaran, Hallgrímur J. Ámundason, Jónína Hafsteinsdóttir og Svavar Sigmundsson. Uppsala 2008. *Nytt om namn* 49, s. 64–66.
- . Hedersskrift til Oddvar Nes. [Melding av] *Nes om namn. Hedersskrift til Oddvar Nes på 70-årsdagen 27. desember 2008*. Red. Jarle Bondevik og Ole-Jørgen Johannessen. Bergen 2008. *Nytt om namn* 49, s. 69–72.
- . Stedsnavn i Fjære. [Melding av] Per Soot: *Stedsnavn i Fjære*. Grimstad 2009. *Nytt om namn* 50, s. 115–116.
- Heinesen, Line Lysaker. Noen tanker om kvinnenavnet *Pia*. *Nytt om namn* 50, s. 103–105.
- . Særegne stedsnavn. [Melding av] Silje Kathrine Svingum og Knut Egil Wang: *Dum og andre steder i Norge*. Oslo 2009. *Nytt om namn* 50, s. 114–115.
- Helander, Kaisa Rautio. Namat dan nammii – sámi báikenamaid dáru-duhttinpolitihkka. [Navn med hensikt. Fornorskningspolitikk av samiske stedsnavn.] *Virittäjä. Kotikielen Seuran aikakauslehti* 1/2009, s. 1–6.

- \_\_\_\_\_. Nimet nimien nimeen – saamenkielisten paikannimien norjaläistämispoliikkaa. [Finsk omsetjing av förre oppføring.] *Virittäjä. Kotikielen Seuran aikakauslehti* 1/2009, s. 1–6.
- \_\_\_\_\_. Renaming indigenous toponymy in official use in the light of contact onomastic theories. I: *Names in Multi-Lingual, Multi-Cultural and Multi-Ethnic Contact. Proceedings of the 23rd International Congress of Onomastic Sciences. August 17–22, 2008, York University, Toronto, Canada*. Red. Wolfgang Ahrens, Sheila Embleton og André Lapierre. Toronto, s. 492–500.
- \_\_\_\_\_. Toponymic Silence and Sámi Place Names during the Growth of the Norwegian Nation State. I: *Critical Toponymies. The Contested Politics of Place Naming*. Red. Lawrence D. Berg og Jani Vuolteenaho. Surrey, s. 253–266.
- Helleland, Botolv. Magnus Olsens sakrale profil i *Norske Gaardnavne* band 11: *Søndre Bergenhus Amt. Nytt om namn* 50, s. 78–86.
- \_\_\_\_\_. Place names as identity markers. I: *Names in Multi-Lingual, Multi-Cultural and Multi-Ethnic Contact. Proceedings of the 23rd International Congress of Onomastic Sciences. August 17–22, 2008, York University, Toronto, Canada*. Red. Wolfgang Ahrens, Sheila Embleton og André Lapierre. Toronto, s. 501–510.
- \_\_\_\_\_. Stadnamn i Kulturminneåret 2009. Stadnamna – dei eldste levande kulturminna våre. *Nytt om namn* 49, s. 14–19.
- \_\_\_\_\_. Namn som kjem av kulturell kontakt. [Melding av] *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. Helsingfors 2009. *Nytt om namn* 50, s. 112–114.
- Imerslund, Bente. Kvenske personnavn i Nordreisa. I: *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5 / NORNA-rapporter 85.) Uppsala, s. 111–122.
- Jenstad, Tor Erik. Frå *Skrymt til Jutulby*. Namn på turisthytter og ymse anna i fjellet. *Kristiansund og Nordmøre Turistforening. Årbok* 2009, s. 55–62.
- Johannessen, Ole-Jørgen. *Fortuna og Amor*. Skipsnavn hentet fra den antikke mytologien. I: *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5 / NORNA-rapporter 85.) Uppsala, s. 151–163.
- \_\_\_\_\_. Magnus Olsen som personnavnforsker. *Nytt om namn* 50, s. 62–66.

- . Stedsnavnene tilbake til folket. På veg mot det snakkende navnekartet utlagt på internett. I: *Undervegs. Festschrift til Egil Nysæter*. Red. Anne Aune og Gudmund Valderhaug. [Oslo], s. 130–136.
- Jørgensen, Jon Gunnar. Magnus Olsen som filolog. *Nytt om namn* 50, s. 53–56.
- Knappen, Audun. Fra Nordahl Griegs vei til Willy Valentinsens vei. Noen utfyllende kommentarer fra et lokalområde. *Namn og Nemne* 26, s. 49–55.
- Lie, Svein. Utenlandske navn på norsk. I: *Språknormering – i tide og utide?* Red. Helge Omdal og Rune Røsstad. Oslo, s. 185–197.
- Myhren, Magne. Ivar Aasen i arbeid med stadnamn. Opplysningar om stadnamn i *Norsk Ordbog* (1873). *Nytt om namn* 49, s. 41–53.
- Myrheim, Frode. Bruksnamn på Romerike. *Romerike Historielag. Årbok* XXII (2009). *Romerike mens nasjonen våkner 1750–1850*, s. 179–194.
- Myrvang, Finn. Bygde- og fjordnamnet Rana. *Årbok for Rana* XLII (2009), s. 40–57.
- Myrvoll, Klaus Johan. Magnus Olsens namnerelaterte publikasjoner. [Bibliografi.] *Nytt om namn* 50, s. 87–92.
- Nedreliid, Gudlaug. Lite grann om *Jeppe*. *Nytt om namn* 49, s. 36–41.
- . Personar og tilnamn i *Sverresoga*. Nokre diskutable punkt. I: *Å austrvega. Saga and East Scandinavia. Preprint papers of The 14<sup>th</sup> International Saga Conference. Uppsala, 9<sup>th</sup>–15<sup>th</sup> August 2009*. Red. Agneta Ney, Henrik Williams og Fredrik Charpentier Ljungqvist. Gävle, s. 712–720.
- . Titlar og tilnamn i *Heimskringla*. *Namn og Nemne* 26, s. 7–26.
- Nyström, Staffan. [Melding av] *Stedsnavn i Kjose*. Red. Botolv Helleland. Oslo 2008. *Namn och bygd* 97, s. 223–225.
- Olsen, Magnhild Heidi. Stedsnavn i Vatnadalen. *Årbok for Rana* XLII (2009), s. 101–127.
- Ouren, Jørgen. *Den store norske navneboka*. Skrevet i samarbeid med Geir Tunby. Ny utgave. Oslo: Kagge forlag. 272 s.
- Papazian, Eric. Språknormering. [Melding av] *Språknormering – i tide og utide?* Red. Helge Omdal og Rune Røsstad. Oslo 2009. *Nytt om namn* 50, s. 118–120.
- Pedersen, Aud-Kirsti. Haldningar til offentleg bruk av minoritetsspråklege stadnamn i Noreg. I: *Namn i flerspråkiga och mångkulturella miljöer. Handlingar från NORNA:s 36:e symposium i Umeå 16–18 november 2006*. Red. Lars-Erik Edlund og Susanne Haugen. (NORNA-rapporter 83. Nordsvenska 16. Kulturens frontlinjer 56.) Umeå, s. 37–56.
- Reisæter, Guro. Mitt, ditt eller begge navn? Mellomnamn og etternamn i fleirspråklige familiar. I: *Namn i flerspråkiga och mångkulturella miljöer. Handlingar från NORNA:s 36:e symposium i Umeå 16–18 november 2006*. Red. Lars-Erik Edlund og Susanne Haugen. (NORNA-rapporter 83. Nordsvenska 16. Kulturens frontlinjer 56.) Umeå, s. 37–56.

- ber 2006. Red. Lars-Erik Edlund og Susanne Haugen. (NORNA-rapporter 83 / Nordsvenska 16 / Kulturens frontlinjer 56.) Umeå, s. 147–159.
- Saarelma, Minna. [Melding av] Bente Imerslund: *Kvenske personnavn i Nordreisa*. Liisan Jussan Jussa, Sifferin Pekan Asväiki og noen tusen andre. Nordreisa 2008. *Studia anthroponymica Scandinavica* 27, s. 123–125.
- Sandnes, Berit. [Melding av] *Namn frå by og bø. Veneskrift til Tom Schmidt på 60-årsdagen 26. juni 2008*. Red. Margit Harsson og Terje Larsen. Oslo 2008. *Studia anthroponymica Scandinavica* 27, s. 127–130.
- Sannan, Kristin Sundve. Sakrale stedsnavn i Østfold. Et omdiskutert navnemateriale sett i et utviklingsperspektiv. *Namn og Nemne* 26, s. 27–40.
- Schmidt, Tom. Magnus Olsens bidrag til stedsnavnforskningen. *Nytt om namn* 50, s. 57–62.
- \_\_\_\_\_. Navneleddet *torp* i Østfold. I: *Torp som ortnamn och bebyggelse. Konferensrapport. Tvärvetenskaplig torp-konferens, Malmö, 25–27 april 2007*. Red. Peder Dam m.fl. (Skrifter utgivna av Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund 11.) Lund, s. 87–105.
- \_\_\_\_\_. *Nøvn vesta åsen. Bustadnamn i Vestre Slidre*. Oslo: Novus forlag. 556 s.
- \_\_\_\_\_. [Melding av] *Namn från land och stad. Hyllningsskrift till Mats Wahlberg 25 maj 2008*. Red. Eva Brylla og Svante Strandberg. Uppsala 2008. *Studia anthroponymica Scandinavica* 27, s. 130–133.
- \_\_\_\_\_. Rapport fra NORNA-symposiet på Bornholm i 2006. [Melding av] *Nordiske navnes centralitet og regionalitet. Rapport fra NORNA's 35. symposium på Bornholm 4.–7. maj 2006*. Red. Birgit Eggert, Bente Holmberg og Bent Jørgensen. Uppsala 2007. *Nytt om namn* 49, s. 59–61.
- Schulze, Johan Anton. Eit kjeldeskrift frå 1624. *Nytt om namn* 49, s. 54–58.
- Sivertsen, Birger. *Norrøn navnebok*. Oslo: Andresen & Butenschøn. 233 s.
- Soot, Per. *Stedsnavn i Fjære*. [Grimstad]: Fjære historielag. 220 s.
- \_\_\_\_\_. Stedsnavn i Fjære – innsamling og publisering. *Nytt om namn* 50, s. 106–108.
- Stemshaug, Ola. Stadnamn (*Frona, Parris*). *Rennebu historielag og Innset historielag* 2009, s. 60–62.
- Syrstad, Ola. Fargenemningar i gamle kunamn. *Namn og Nemne* 26, s. 41–48.
- Særheim, Inge. *Gjedrem eller Geidreim, Straen eller Stranden? Nokre utfordringar ved normering av norske stadnamn*. I: *Språknormering – i tide og utide?* Red. Helge Omdal og Rune Røsstad. Oslo, s. 229–240.

- . Lågtysk påverknad på sørvestnorske stadnamn i seinmellomalderen. I: *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37 symposium i Hapsal den 22–25 maj 2008*. Red. Leila Mattfolk og Terhi Ainiala. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 5 / NORNA-rapporter 85.) Uppsala, s. 29–39.
- . Magnus Olsen og dei norske *staðir-* og *land-*namna. *Nytt om namn* 50, s. 73–77.
- . Street names and identity. Official naming in a European capital of culture. I: *Names in Multi-Lingual, Multi-Cultural and Multi-Ethnic Contact. Proceedings of the 23rd International Congress of Onomastic Sciences. August 17–22, 2008, York University, Toronto, Canada*. Red. Wolfgang Ahrens, Sheila Embleton og André Lapierre. Toronto, s. 501–510.
- . [Melding av] *Namn och mångkultur – flerspråkiga miljöer och kulturella influenser. Föredrag vid Ortnamnssällskapets i Uppsala 70-årssymposium 21–22 oktober 2006*. Red. Katharina Leibring, Staffan Nyström og Mats Wahlberg. Uppsala 2007. *Namn och bygd* 97, s. 205–207.
- Tidemann, Erlend. Navngivning av finske handelsfartøy. [Melding av] Anita Schybergson: *Kognitiva system i namngivningen av finländska handelsfartyg 1838–1938*. Helsingfors 2009. *Nytt om namn* 50, s. 117–118.
- Torp, Arne. *Hveem, Kvem – eller Kvehm?* Lettsindige tanker om en defekt i norsk rettskriving. *Nytt om namn* 50, s. 97–99.
- Utne, Ivar. Personnamn i Østfold som er ukjende i resten av landet. *Aust i Vika. Årbok for Østfold Mållag* 2009, s. 14–19.
- Veka, Olav. [Melding av] Eva Brylla: *Andersson, Pettersson, Lundström och ... Beachman. Om nordiska efternamn i sin europeiska omgivning*. Uppsala 2009. *Namn og Nemne* 26, s. 111–113.
- . Namn og minoritetsspråk. [Melding av] *Namn i flerspråkiga och mångkulturella miljöer. Handlingar från NORNA:s 36:e symposium i Umeå den 16–18 november 2006*. Red. Lars Erik Edlund og Susanne Haugen. Umeå 2009. *Nytt om namn* 49, s. 62–64.
- Vikstrand, Per. Magnus Olsen som sakralnamnsforskare. *Nytt om namn* 50, s. 67–73.
- Vikør, Lars S. Namn i Oslo. [Svar til Alldén 2009.] *Nytt om namn* 50, s. 96.
- Vågslid, Torgils. *Namen und Leben im nordischen Altertum. Namensforschung jenseits von Wikingerhelden und Götterwelt*. Berlin: Frieling-Verlag. 144 s.
- Wahlberg, Mats. [Melding av] *Namn frå by og bø. Veneskrift til Tom Schmidt på 60-årsdagen 26. juni 2008*. Red. Margit Harsson og Terje Larsen. Oslo 2008. *Namn och bygd* 97, s. 202–203.

Wetås, Åse. Åse Wetås: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Dr.art.-disputas ved Universitetet i Oslo, 29. august 2008. Svar frå doktoranden. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 27 (2), s. 349–362.

Wikstrøm, Solveig. Etternavn, tilknytning og identitet i det post-tradisjonelle samfunnet. *Namn og Nemne* 26, s. 93–110.

Aars, Ivar. Nøvn vesta åsen. [Melding av] Tom Schmidt: *Nøvn vesta åsen. Bustadnamn i Vestre Slidre*. Oslo 2009. *Nytt om namn* 50, s. 109–112.

## 2008 – tillegg

Helander, Kaisa Rautio. *Namat dan nammii. Sámi báikenamaid dáruiduhttin Várjjaga guovllus Norgga uniov dnaággi loahpas*. [In the name of names. The Norwegianisation of the Sámi placenames in the Várjjat area at the end of the unionification period of Norway.] (Diedut 1/2008.) Guovdageaidnu: Sámi allaskuvla. 317 s.

Imerslund, Bente. *Kvenske personnavn i Nordreisa*. Liisan Jussan Jussa, Sifferin Pekan Asväiki og noen tusen andre. Nordreisa: Nordreisa kommune. 322 s.

Meland, Anne-Katrine. *Stedsnavn på Lovund med vekt på historie, kultur og arbeidsliv*. [Lovunda]: Finnblåsa Forlag. 219 s.

Rydving, Håkan. Sørsamisk. Namn. I: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Red. Arnold Dalen m.fl. (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 2008, nr. 3.) Trondheim, s. 383–388.

Stemshaug, Ola. Namn i Trøndelag og på Nordmøre. I: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Red. Arnold Dalen m.fl. (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 2008, nr. 3.) Trondheim, s. 155–225.

—. Førreformatoriske namn. I: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Red. Arnold Dalen m.fl. (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 2008, nr. 3.) Trondheim, s. 319–348.

## 1999 – tillegg

Flokenes, Kåre. *Stadnamn i Askvoll*. Stavanger: Erling Skjalgssonskapet. 330 s.

## **NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR**

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

**www.norsknamnelag.no.** E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **gunnstein.akselberg@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

**www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html**

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

**www.uib.no/fg/namnegransking**

Statens kartverk, Hønefoss, har denne heimesida:

**www.statkart.no**

Sentralt stadnamnregister (Norgesglasset):

**http://kart.statkart.no/adaptive2/default.aspx?gui=1&lang=2**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **http://nfi.ku.dk**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/servlet/GetDoc?meta\_id=1053**,  
**www.lantmateriet.se**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**www.norna.org**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**www.icosweb.net**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**